

40 turstiar skal profilerast

26.01.2009



Karen Løvfall Våge leiar turstiprosjektet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Karen Løvfall Våge er prosjektleiar for eit viktig arbeid som skal fremja turistane sin interesse for Kvinnherad og då også for Uskedalen.**

**Innan sommaren skal startpunktene til 40 turstiar av ulik vanskegrad i kommunen merkast etter ein felles mal og grundig informasjon om turane skal gjerast tilgjengeleg på internett.**



Skiltinga er viktig og står sentralt i turstiprosjektet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Under prosjektet er det eit tett samarbeid med idrettslag, bygdelag og turgrupper i heile kommunen. Prosjektet starta sist haust med eit informasjonsmøte i Uskedalen for ulike organisasjonar og desse sende etterpå inn forslag om turløyper i sine nærområde.

Løfall Våge strekar under overfor Grenda at Kvinnherad har mange gode og mykje brukte turløyper, men det er viktig å gjera informasjonen om dei lettare tilgjengeleg fordi folk gjerne planlegg turane på førehand.

Dei utvalde stiane skal merkast på lik måte ved startpunktet. Der skal ein finna opplysningar om anslått tidsbruk, vanskegrad og namn. På internett skal det så liggja grundigare informasjon med tilhøyrande fotografi. Truleg blir det også laga ein trykksak.

Vanskegraden skal merkast med fargekoder der grøn er lettast og så kjem blå, raud og svart.

Ein viktig målsetjing for prosjektet er å få fleire ut på tur og det er også på gang eit samarbeid med Rådet for funksjonshemma slik at nokre av turane kan bli lagde til rette for rullestolbrukarar.

Av Ola Matti Mathisen



Ulvanåso er eit av dei mest attraktive turmåla i Kvinnherad. (Foto: Jan Morten Myklebust)